

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 035.2

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 06/2024

Møtedato: 14.02.2024 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Fjellstyrehytte Baklibue

Fjellstyret har søkt kommunen om tomt til ny fjellstyrehytte i Baklie som er godkjent. Det er og godkjent tomteplassering hjå Statskog.

Dette med tanke på den hytta ein fekk gratis (mot flytting) frå Vaset utbyggingsselskap.

Fyste søknad om tomt kom gjennom fjellstyresak 14/2022 (i møte 16.06.2022) (vedlegg)

Pga usemje om plassering, vart det søkt om ny plassering i sak 07/2023 (i møte den 22.02.2023) (vedlegg). Denne plasseringa er no godkjent.

Ståa pr februar 2024 er at grunnarbeidet vart gjennomført hausten 2023, og hytta med uthus vart flytta på plass på tomta seinhausten 2023. Det står att ny taktekking/pipe/ovn/noko ominnreiing av m.a. kjøkken/vassskjelde samt div løssøre

For å kunne søkje om støtte frå grunneigarfondet/tippemidler er det ein føresetnad at fjellstyret har avsett midlar til finansiering.

Det er tenkt følgjande budsjett (som er avklara med byggmester Ola Satalien):

Flytting av bygg fra Vaset til Baklie	kr 130 000
Veg og fundamentering (inkl oppgradering stølsveg)	kr 180 000
3 nye ytterdører herav to enkle	kr 27 000
Ny taktekking shingel	kr 42 000
Nye takrenner og ny trapp	kr 21 000
Ny pipe og ovn	kr 26 000
Solcelle anlegg	kr 39 000
Batteripakke solcelle anlegg	kr 11 000
Nytt kjøkken	kr 48 000
Utvendig gass skap og montering fast gassledning kobber	kr 23 000
Utvendig vann på vegg, graving, rør og kum	kr 37 000
Div løssøre/uforutsett (5%)	kr 30 000
SUM uten mva	kr 614 000
25% mva	kr 153 500
Totalt inkl MVA.	kr 767 500

(det er ikkje take med kostnader til båt/gjerde/gasskomfyr eller kjøleskap)

Forslag til finansieringsplan

Finansiering

Grunneigarfondet (30%)	kr 230 000
Spelemidler (33%)	kr 250 000
Vestre Slidre fjellstyre (37%)	kr 287 500
SUM (inkl mva)	kr 767 000

Det er ikkje garantert at ein får det beløp det blir søkt om i tilskot og det kan derfor vera aktuelt å avsetja eit noko større beløp. Det kan òg skje at utgifter blir større enn det som er budsjettet. Spelemidler har søknadsfrist 1. november og vi kan derfor ikkje rekne med svar på denne søknaden før enn våren 2025. Grunneigarfondet behandlar søknaden sumaren 2024.

Oppsummert bør fjellstyret setja av minst 50 % av budsjettet, slik at ein uansett kan dekke opp dersom ein ikkje får omsøkt tilskott. Dette gir og ei ramme for evt andre innkjøp som ikkje er tenkt på.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret avsett inntil kr 400.000 til bygging av ny fjellstyrehytte, og ber administrasjonen iverksetja dette tiltaket samt søkje støtte.

Behandling:

Tillegg: det legges til kostnader på gjerde/gasskomfyr/kjøleskap – stipulert til kr 50 000,-

Vedtak:

Fjellstyret avsett inntil kr 450.000 til bygging av ny fjellstyrehytte, og ber administrasjonen iverksetja dette tiltaket samt søkje støtte. Det inkluderer kostnader til gjerde/gasskomfyr/kjøleskap.

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding/uttale/avsetting av økonomiske midler frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.02.2024

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift: